

Etiske retningslinjer for verneomboda i Hyllestad kommune

Verneombodet sin yrkesmessige og profesjonelle relasjon

Verneomboda skal opprette og ivareta ein yrkesmessig og profesjonell relasjon til alle partar.

Ei sak kan gå over lang tid og vil røre seg i spenningsfeltet mellom nærleik og avstand. Det kan vere ei hjelp for verneombodet å finne ein balanse mellom desse polane ved å halde fokus på den oppgåva som skal løysast eller det arbeidet som skal ferdigstillast. Det er viktig at verneombodet ikkje let seg styre av eigne impulsar, kjensler eller intuisjonar utan at dette er vurdert og fremjar saka.

Verneombodet skal vere nøytralt

Verneombodet skal ikkje ta parti ved konflikter.

Ved å vere nøytral i ei konflikt kan verneombodet sjå saka frå fleire sider. Dette er naudsynt for at saka kan løysast til det beste for partane. Det er viktig at ingen skal kjenne seg som tapar i ei konflikt. Her må verneombodet arbeide for ei vinn-vinn-løysing. Hugs at det er leiar som har ansvaret for at saka vert løyst.

Verneombodet skal respektere partane

Verneombodet skal opprette ein høg grad av respekt ovanfor den einskilde part.

Respekt inneber å akseptere at den andre er unik og har sin eigenart. Har verneombodet den naudsynte respekt for andre, kan den som ber om hjelp klare å halde på si sjølvstendige tenking og gjere sine val utan å bli påverka av verneombodet sitt eige syn i saka. Verneombodet skal vere ein aktiv lyttar og hjelpe til slik at den det gjeld greier å finne den beste løysinga for sin situasjon.

Verneombodet har teieplikt

Verneombodet har teieplikt i alle opplysningar av privat og sensitiv karakter. Unntak er akutte naudsituasjonar der samtalepart eller andre si sikkerheit er alvorleg trua.

Verneombodet skal vere nøye med teieplikta si. Det som kjem fram i samtale, skal handsamast med varsemnd og diskresjon.

Verneombodet si opplæringsplikt

Alle verneomboda i Hyllestad kommune skal gjennomføre naudsynt opplæring. Verneomboda skal ta vervet på alvor og vere oppteken av kvalitet.

Eit verneombod som er oppteken av kvalitet i utføringa av vervet, signaliserer at ein er audmjuk ovanfor oppgåva. Alltid kan noko gjerast betre, men vi handlar ut frå beste evne der vi er! Erfaringar ein gjer seg kan kome andre til gode ved eit liknande høve.

Verneombodet må vere medviten makt og moglegheiter for påverknad

Verneombodet må vere medviten om den makta og dei moglegheitene for påverknad som ligg i ulike prosessar og strategiar.

Verneombodet har med sin kunnskap ein kompetanse som dei involverte partane ikkje har. Dei som kontaktar verneombodet kan vere i ein utsett og sårbar situasjon. Dette gjer at verneombodet bør vere varsam og tenkje over kva framgangsmåte som kan nyttast i dei ulike sakene. Ved å velje den

mest skånsame framgangsmåten kan både den som ber om hjelp og verneombodet bli spart for vanskar.

Verneombodet må òg vere merksam på dei påverknadane og endringane som prosessane vil kunne føre til for partane i arbeidslivet og privatlivet.

Verneombodsrolla krev at verneombodet er bevisst på rolla og mandatet vedkomande har. Samstundes bør verneombodet vere bevisst på kva prosessar og endringar som vert sett i gang.

Tid til refleksjon

Det å utføre vervet som verneombod kan til tider vere ei belastning for den enkelte. Difor er det viktig å ta seg tid til å reflektere over kva som er oppgåva og rolla til verneombodet i enkeltsakene og kva det inneber å ha dette vervet. Kva forventningar har dei andre og kva er egentleg verneombodet si oppgåve?

Når verneombodet er involvert i ei sak, er det ofte behov for å ta seg tid til å reflektere over om saka går i riktig retning, eller om det er andre retningar som er meir hensiktsmessige for ei god løysning på saka?